

HYRDINGEN




NR. 2

Mars 2013

ÅRGANG 55

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



***Festdag i Vats:
Ny sokneprest***



Side 7-9

***Konfirmasjonar:
Namnelister***

Side 5

***Byguten som vart
bygdehovding***



Side 10

GOD PÅSKE!





HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold
Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedreliid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00
Privat 53 76 86 22

Epost: johannes.nedreliid@
vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89
Kontortid. Tys 9-15

Jon Ådnøy
Tlf. 53 65 57 94
jon.adnoy@
vindafjord.kommune.no

Kontorass. Marit Hegrenes
Tlf. 53 65 57 96

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Kommunehuset,
Pb. 40, 5583 Vikedal.
Mobil 413 25 280

Kontortid: Tor 9-15

Fengselsprest:

Arild Markussen tlf. 944 39 639

Mandag er prestane sin fridag.

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland Prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Norodd Stavenjord
Mobil: 97 76 57 18

Kyrkjeverja i Vindafjord

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93

Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vikedal: Herdis Pedersen
Sandeid: Rakel Årak
Vats: Arild Urdal
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug
Bjoa: Trond Ove Alvseike
Vikebygd: Brit Nelly Tveit
Skjold: Ottar Krakk

Prosten har ordet

ved prost Norodd Stavenjord



«Mellom Langfredag og Påskedag»

Tekst: Matt 27,57-61

Josef frå Arimatea er skytshelgen for kyrkjegardsarbeidarane, og det fins nokre legender om han. Ein av dei går ut på at han vart kyrkjelydsplantar og kyrkjeleiar i området sør og vest for Jerusalem.

Ein annan legende går ut på at han etter Jesu oppstode drog til England og forkynte evangeliet bl.a. i Glastonbury. Der hadde han med seg ein stav som var skoren ut av eit tre frå ei torn som var planta frå Kristi tornekrona. Denne staven kvilte Josef på og såg ut over området. Då han ville gå vidare, hadde staven slege rot og vart til ein hagtornbusk. Denne typen veks i dag i dette området. I tillegg heiter det seg at Josef hadde med seg den kalken Jesus brukte ved innstiftinga av nattverden. Den skal han ha grave ned der han ein gong kvilte på staven sin.

I fylgje Johannesevangeliet var Nikodemus også med på å gravleggja Jesus. Han skaffa med salve, og saman fylgde dei jødane sin skikk om stell av den døde.

Jesus var altså fysisk død, og to læresveinar fekk lov til å ta seg av oppgåva med å leggja han i grava. Dei elleve som var att av den indre kjerna hører vi ikkje stort om. Men dei må ha vore redde, og hadde trekt seg attende.

Men Gud hadde si hand om Jesu død, og planen var at berre Jesus skulle lida og døy for syndene åt alle menneske. Han døydde og gjorde opp for alle som tek imot han i tru.

Nokre av læresveinane var kvinner, og dei såg på det Josef og Nikodemus gjorde. Dei var med heilt til grava, og såg staden der han vart lagt. Dei ville òg stille den døde kroppen til Jesus, men dei måtte venta til sabbaten var over.

For menneske var det som hadde



hendt med Jesus uforståeleg. Men Guds plan var klar: han skulle lida og døy og stå opp att den tredje dagen for å gje frelse og håp til alle folk.

Venene hadde ikkje skjøna det han sa om oppstode. Døden kjende dei, han var ein gjest som kom ofte. No hadde han og teke Jesus frå dei. Kva skulle dei tru? Det er ikkje lett for oss å setja oss inn i kva Josef og Nikodemus tenkte då dei gravla Jesus. Vi veit heller ikkje kva dei andre tenkte mellom Langfredag og Påskedag. Vi veit berre at dei var triste og motlause.

Går det an å halda fast ved noko håp i ein slik situasjon? Vi kjenner resten av historia, den som fortel oss om påskemorgon og oppstoda. Difor er det vanskeleg for oss å skjøna korleis dei hadde det. Men Påskeaftan gir oss høve til å tenkja på dette, samstundes som vi skal få sjå fram til den store festen som berre ligg nokre timar lengre fram. Der skal vi få feire han som vann over synd og død og grav og som lever i all æve, slik han sjølv seier det i Op 1,18:

”Eg var død , men sjå, eg lever i all æve og har nøklane til døden og dødsriket.”

God påske!

.....
Framsdebilde er frå Isvik bedehus. Kristusfiguren er laga av tidlegare sokneprest Per Konrad Hansen. les meir side 7.



Av Steinar Skartland

Er du glad? Kjenner du songen brusar inni deg? Kanskje du er den som sprett opp av senga tidleg og frydar deg over ein ny dag? Påske er ei tid for glede. Både for dei som ser fram til fridagar, skitur i fjellet eller kos på hytta. Men påske er også ei tid kor kyrkja skal få uttrykkje glede. Særleg når vi er framme ved påskedag. Det fortel dei mange påskesongane om. Korret på ein av dei lyder:

Oppstått er Jesus; Hurra! Hurra!
Han lever, Han lever, Han lever nå.
Han lever, Han lever, Han lever nå.

Kyrkje klokkene kallar inn til gudstenester også i påsken. I Ølen går presten til fjells på Palmesundag. Då blir det gudsteneste på parkeringsplassen på Opheim, kor løypene går mot Olalia. I andre kyrkjer finn ein gudstenesta på kvelden, når du er komen ned att frå fjellet. Påske er den kristne høgtida. Då folket skal få jubla over at Jesus lever, graven brast.

Ver du med og fyll lovsongen i kyrkjene med glede og jubel. Og til alle kantorane som skal delta i gudstenester. La denne jubelen få strøyma gjennom deg og gjennom orgelpipene. For det er glede påsken handlar om. "Det er fullført" sa Jesus då han hang på krossen.

Skal vi få nye generasjonar til å delta i lovsongen må vi nok fylla tonane med glede. La det koma meir gledestonar enn tunge saktegåande salmar i moll når vi samlast for å gle oss over at "Det er fullført."

Har du huska bladpenger!

Bankgiro var i nr. 1 2013.
Kontonr.: 3201.53.18049

Testamentarisk gåve til kyrkje og bedehus i Imsland

Imsland sokneråd har mottatt informasjon om at avdøde Arne Døske har testamentert kr 200.000,- til Imsland kyrkje og kr 200.000,- til Imsland bedehus. Pengane skal setjast på konto og avkastninga brukast til vedlikehald av kyrkja og av bedehuset.

Arne Døske er son av Syvert og Anna Døske som dreiv butikk ved Imslandsjøen fram til 1970-talet. Han vart gift med Inger, og som nygift bygde han og foreldra ny tomannsbustad ved Imslandsjøen med butikklokale i kjellaren. Begge borna, Syvert og Christine er fødte her. Ekteskapet vart oppløyst og familien flytta frå bygda.

Arne reiste tidleg til sjøss og arbeidde som stuert heile livet. Han døydde siste nyttårsafta på tur med hurtigruta, kor han tidlegare hadde jobba i fleire år. Han



budde nå i Haugesund. Nyleg gav han også ein million til Redningselskapet.

Imsland sokneråd vil på vegne av soknet takka Arne Døske og familien for denne fine gáva og lyser fred over hans minne.

Soknerådet.

Påskevandring på Kårhus bedehus

Av Synnøve W. Stødle

I nærare 10 år har det blitt laga til ei påskevandring (påskeutstilling) på Kårhus bedehus. Det er søndagsskulen som har ansvaret for denne. Palmesøndagen ser me i søndagsskulen på denne utstil-

linga, og fortel om, - eller "fylgjer" Jesus frå han rir inn i Jerusalem palmesøndag til den tomme grava påskedag. Utstillinga står klar ei veke før. Sidan Vats skule ligg så nær, inviterer me dei ulike klassane til å koma å sjå utstillinga.



Konfirmantar våren 2013

Vats 27. og 28. april

Stina Børve
Emil Hauso Døvik
Sander Eike
Liva Nesheim Fuglestein
Rita Helen Gundersen
Alf Halsnes
Magnus Svantesvold Kalstveit
Even Krakk
Jørgen Kristoffer Landa
Morten Andre Espeset Litlehamar
Håkon Nordtveit
Svein Olav Nygård
Cecilie Spartveit
Ørjan Klungland Stokkevåg
Jon Harald Stødle
Johannes Urdal dy.

Skjold 4. og 5. mai

Evelyn Aase
Astrid Elise Alendal
Johannes Bakke
Solrun Bakke
Ola Nonslid Eriksen
Malin Frøyland
Stian Andre Gullhaug
Astrid Handeland
Sofie Nesheim Hustoft
Matilde Hustveit
Sunniva Dagsland Indreland
Even Espeseth Landa
Kristina Haugen Moe
Malene Mortveit
Kristoffer Hustoft Nesheim
Einar Nonslid
Kristoffer Nordtveit
Vebjørn Søndena Rullestad
Thomas Vestre
Brage Wannberg
Henrik Økland
Cecilie Øygard

Even Landa: Konf. Vats 27.04.

Sunniva D. Indreland: Konf i Vats 28.04.

Vikedal 28. april

Kitty Sofie Alne
Ellinor Austrheim
Maria Austrheim
Ola Birkeland
Nicolai Isaksen Borgund
Stian Hundseid Dahlberg
Bjørn H. Eikeland
Jone Lillemo



Illustrasjonsfoto

Even Aksdal Lindhjem
Amalie Rønnevik
Ragnhild Skipevåg
Mathias Våg Skjold
Even Fosen Vetrhus
Kristine Ekrheim Vikedal
Atle Vormestrand

Sandeid 12. mai

Henny Abelseth
Eline Asheim
Sunniva Fatland
Liv Anne Gryte
Julie Helgesen
Lena Jacoby
Solfrid Marie Jansen
Thomas Henriksen Leite
Vegard Matre
Sverre Ramsfjell
Martha Kristine Stople
Åshild Stuhaug

Vikebygd 12. mai

Cato Barane
Line Hausberg Bjerga
Aleksander T. Bjørnevik
Benedikte Bjørnevik
Sandra Rugtveit Bjørnevik
Amalie Søndena Erdal
Joakim Fredriksen
Glenn B. Hansen
Ida Karolina Kolltveit
Astrid Mortveit
Maren Rødde
Jan-Arthur Svendsbø Skartland
Tommy Steinsvik
Simen Walter Walle
Marielle Legøy Årvik

Ølen 27. april

Kristine Bastlien
Stine Berge
Bjørnar Haugland Gundersen
Sivert Helgesen
Silje Henriksen
Elida Hundhammer
Emil Hundhammer
Anna Håland
Dani Johansen
Karl Johan Klungland
Benedicte Lunde
Stine Rullestad
Anders Træet Vaka
Anna Sorteberg Vik
Synniva Nesheim Øglænd

Ølen 28. april

Petter Kvamen Clausen
Øyvind Granberg
Mailin Kjellesvik
Sindre Knutsen
Andreas Madsen
Espen Olsen
Sigmund Risøy
Gerd Slåke
Helene Kvamme Øglænd

Bjoa 4. mai

Aleksander Teimann Bjørnø
Barbro Toadalen Sælevik
Daniel Årvik
Frode Bødtker
Sondre Sørås Genberg
Twan Lars Blømer

Marta Aursland 90 år

Av Jørgen Landa

*Marta Aursland frå Åm fylte 90 år
7. februar 2013*

Blomane strøymde og inn mens me satt der ved bordet. *Æra far og mor* heiter dei velkjende orda - *Så går det deg godt og du får leva lenge i landet.* Det var diakoninemnda frå Vats kyrkjelyd som var på besøk med blommar til 90-årsringen.

Marta var fødd på Åm med besteforeldre frå Eikeland. Farmora hadde aner til Aurdal, og derifrå går lina til Skjervheim med felles aner til Åm - til dei fire brørne som miste foreldra sine i ung alder. Ho sa dei var hennar leikekameratar då ho budde på Åm. Sonen Til Marta hadde bygt hus og heim like ved heimen hennar her på Nordtveit, og dei hadde nettopp høgtida 1-års-



dagen for dotter hans - Frøya er namnet hennar. Det var viktigare, meinte Marta.

Ho er veldig glad for at Jon Ådnøy har fått stillinga som sokneprest. Han kjem til å tena i kyrkjene Vats, Vikebygd og Skjold. Dette er og noko nytt. Vikebygd har tidlegare høyrte til Ølen prestegjeld. Elles kunne ho fortelja at Jon Ådnøy var kjend av henne frå tida då han var prest

på Torvastad. Ho budde då i Haugesund.

Besteforeldre hadde ho hatt på Eiknesstranda. Det var predikanten Andreas Lodheller som reiste for misjonen i 30 år. Ein av svigersønene hans, Laurits Hus-toft, var mannen til søster av mor til Marta. Han var heradskasserar i Vats i fleire år.

Marta er vel til mote og sprek. Det lovar godt for kommande år. Me ynskjer henne alt godt i åra som kjem. Ho har funne fram til Livet med stor L. Då veit me at ho kan sjå dagane ljost i møte med augo feste på skattkista si. Der ligg alle dei gode og rike minna frå livet sitt i teneste for sin Herre og Meister. Lova Herren mi sjel - og gløym Ikkje Alle hans velgjernigar

*Hjarteleg til lukke med 90-års dagen
7. februar 2013.*

Helsing diakoniutvalet – Vats kyrkjelyd

Kristine Mæland 100 år

Av Jørgen Landa

(Ein av tanteborna hennar)

13. mars 2013 er det 100 år sidan Kristine kom til verda på Karmøy. Ho bur no i Blikrabygda i Øvre Vats, og her har ho vore sidan ho flytte hit i 1949. Då var ho blitt kone på garden Bakkevold og mannen var Hartvig Mæland.

Hartvig var fødd i 1910, men gjekk bort i 80-årsalderen. Sidan har Kristine budd på garden som sonen Johannes driv i dag.

Kristine har levd eit langt liv, og skattkista hennar er full av minne frå eit rikt liv. Ho starta tidleg i misjonen, og her har ho vore heile livet sidan. Ingolf Ytreland fekk henne som om-reisande sekretær, der ho vitja foreiningane i heile Rogaland. Ho starta med dette under krigen, og ho fortalde om ein tur på sykkelen like frå Nesflaten til Karmøy. Ho ville ikkje sykla den lange vegen heim på dagen. Ho hadde ein plass i Grinde der ho skulle overnatta. Men då ho kom dit, var det like godt å køyra like heim.

Ho hugsar korleis dei tyske soldatane mest skræmde henne på Sand, der ho måtte ha båtskyss. Men ho fekk sykkelen vel om bord og kom vel i land på Ropeid.



Ho hadde starta tidleg om morgonen på Nesflaten og følgt båten til Suldalsosen. Derifrå sykla ho til Sand der motorbåten kom og fekk henne over fjorden. Dette var vel den lengste turen ho hadde på sykkel. Men turane vart mange i åra som kom. Då ho var i Vats, fekk ho plass på Bakkevold, og her budde ho ei stund. I Nedre Vats var det Korn Hatteland som vart den heimen ho vitja der ved slike høve. I den tida var det mange foreningar i bygda – både i Øvre og Nedre Vats. Hartvig var gild og han køyrde meg dit, fortel Kristine. Han skulle likevel av stad og henta materialar, fortalde han. Desse turane til Vats har nok vore utgangspunktet for at ho sidan slo seg

ned på Bakkevold saman med mannen sin Hartvig.

Etter krigen gjekk ho på ein bibelskule i Stavanger. Lærarane hennar var Sigurd Lunde, Martin Haga, Valen Sendstad og mange fleire. Det var på Hospitset i byen dei hadde skulen, og ho hugsar korleis tyskarane hadde sett stygge merke etter seg her som på så mange stader i den tida. Men det var i fridom og vår i landet då ho var her på bibelskule, seier Kristine. Så vart ho ramma av ein alvorleg sjukdom. Hjernehinnebetennelse var det som gjorde at ho vart sengeliggjande i lange tider. Mor hennar ville at dei skulle bed for henne. Dette vart gjort, og så snudde sjukdommen og ho kom snart på friske bein.

Det var ikkje lenge før bryllaupsklokene slo, og etter 1949 vart Bakkevold den unelege staden ho sidan fekk bu. Her fekk ho to barn – Marit og Johannes. Begge har etterkommarar og alle vil samlast i lag med Kristine den 13. mars på Blikrabygda bedehus. Kristine vil ha ope hus.

Ho ser ikkje like godt som før, men klagelåten er langt borte frå den ungdommelege 100-årsringen i Blikrabygda. Me ynskjer henne mange rike år på 100-talet!



Arild Urdal les opp tilsetjingsbrevet for Jon Ådnøy

Jon Ådnøy - ny sokneprest i Skjold, Vats og Vikebygd

Av Jens Tveit

Nytt er det at frå no av høyrer Skjold, Vats og Vikebygd til same prestegjeldet. Og frå same tida er det tilsett ny sokneprest, Jon Ådnøy.

Då me ynskjer Ådnøy til lukke med utnemninga, legg han ikkje skjul på at han er svært glad og takksam for stillinga.

Kven er så denne nye personen? -Ein prest er liksom ei viktig brikke i mange store samanhengar i livet, og då er det ikkje å undrast på mange er spørjande. – Jon Ådnøy! Det er liksom noko kjent med namnet, men kvar har me det frå? Er det som journalist i Haugesunds Avis, radioandaktar, eller noko heilt anna?

Me møter presten i Skjold kyrkje der han har kontoret og får eit krus kaffi i neven før me får svar på undringane. Me anar ein fin humor som ligg på lur mellom orda.

Namnet Ådnøy har han frå ei lita øy i Høgsfjord, men han er vaksen opp i År-

dal i Ryfylke der faren var prest. Og så kjem det lunt: – «Det var der eg lærte å snakka, og har dialekten min frå. Og der lærte eg at Årdal var ein skikkelege stad å veksa opp på - med levelege gardar, i motsetnad til Hjelmeland der det berre var strandsitjarar som måtte laga pinnestolar og tresko for å ha til levemåten».

Han gir og uttrykk for takksemnd for å ha fått vakse opp på den staden, og i den tida. Bil og traktor var eit sjeldsyn, - det var hesten som var i bruk både i arbeidet og til transport. Det var ei tid då ein gjekk frå parafinlampar til elektrisk straum. Vassleidningar kom inn i huset og ein slapp vassbering til både til folk og dyr, - og ennå var do eit lite hus med hjarte i døra.

Når det gjeld utdanning, så hadde Jon Ådnøy eit interessant år på media-lina ved Rønningen folkehøgskule før vidare studie. Det året vekte lyst til å bli journalist – noko som har dukka opp att seinare – men det var teologistudiet og prestekall som kom i første rekke.

Første staden som prest, var Kinn, der han var i 10 år. På den tida hadde han òg ½ år som vikar i lokalavisa «Firdaposten», og ½ år i NRK Sogn og Fjordane. I tida 1998 til 2009 var «Haugesunds Avis» arbeidsstaden – avbroten med vikariat som prest i Jelsa i 2004 – 2005.

I 4 år har familien vore prestefolk i «Sjømannskyrkja / Norske kyrkje i utlandet» i Alanya i Tyrkia. Det var ikkje sjøfolk der, og arbeidet var mellom turistar og mange meir eller mindre langtidsbuande pensjonistar. «Folket hadde god tid, og trong for ein sosial og åndelig heim», seier han. «Der var det kurs, bibeleltimar, sosiale samvere, middagservering og gudstenester. – Men der var eit stort sagn, - det var lite born og unge der!»

Elles fortel den nye soknepresten at han har vore «allround-prest» i om lag 20 år. Og om det har vore som sjukehusprest, som journalist eller anna, så har han lært noko som kunne nyttast vidare i tenesta og i møte med menneske.

– Som avisjournalist var det viktig å lytta, og skriva tankane ned slik at dei blir forstått. – «Eg hadde og radioandaktar for NRK i 4 år, og det var ei flott og spesiell utfordring. Andaktshaldaren har 3 min og 16 sek. til det som skal seiast. Då er det viktig å velja dei rette orda for å få fram noko viktig».

– Han har alt vore vikar her i nokre månader, men ser fram til å koma skikkeleg i gong, og ser at kyrkjelydane her har store ambisjonsnivå. Spesielt er han imponert over det store arbeidet som vert lagt ned mellom barn og unge. – «Eg har nett vore på leir både med konfirmantar og 5.klassingar, og 95 % av kulla var med. Det er utruleg flott, og det gjer noko med heile årskulla, - og heile bygdene!» Dette seier han med ein stålende smil.

I samtalen nemner presten at han ser for seg å få komma i kontakt med bondelag, ymse kvinnelag, pensjonistlag m.m. Han kan og tenkja seg å få møta næringslivet og gjerne stikka innom større arbeidsplasser, og nemner Hatteland i Vats og Tveit rekneskapskontor som eksempel. – Han peikar og på dette med å få nærkontakt med folket, og likar å få koma heim til samtale med dei som skal ha barnedåp.

Før me rundar av praten kjem me inn på familien. - Han har vore gift i 37 år med Marte Haugland. Ho er lærar ved Karm-sund vidaregåande skule der ho underviser i norsk, religion og kroppsøving. Dei har 1 son, to døtrer og 4 barnebarn. --Så fortel han om slekta til kona. «Far hennar var fengselsprest, og 17. mai 1952 var han talar i Haugesund. Seinare same dagen døydde han brått, og i september vart Marte og tvilling søstera fødde!» -- (Han nemner og nokre kjende idrettsfolk i slekta til kona slike som olympiade-deltakaren i tresteg, Eugene Haugland - son hans lengdehopparen Terje, og dotter hans igjen høgdehopparen, Hanne). Biskop Helga Haugland Byfugllien er svigerinne til presten.

Får me sjå familien i prestebustaden i Skjold? Til det svarar Jon Ådnøy at det er vedtak som seier at når ein prest er komen så langt opp i åra som han er, så kan det gjevast fritak for buplikt, noko han har søkt om. «Det går berre ½ time å kjøra frå heimen vår på Flotmyr til Skjold, så det går svært greitt».

Så over til noko heilt anna. Kva gjer presten når han koplav av? «Då er eg ute og m.a. kløyver ved, og så er eg glad i å gå i heia. Eg ser fram til å komma på dei høgaste toppane i Skjold, Vats og Vikebygd, og ser gjerne at eg får vegvisarar med meg!»

Til sist er me innom påsketekstane og lurar på om det er nokon av dei han likar godt å tala over. Til det svarar han: «Påsketekstane, dag etter dag, høyrer saman og møter oss med den store bodskapen frå ulike sider!».

Sokneprest Per Konrad Hansen til minne



Av Inghart Lasse Tveit

Sokneprest Per Konrad Hansen døydde i desember, 89 år gamal. Han var sokneprest i Skjold i seks år, frå 1969 til 1975.

Hansen var i heile perioden konstituert i stillinga - ikkje fast utnemnd. Grunnen til dette var at det på dette tidspunktet var konkrete planar om nedlegging av Skjold prestegjeld. Vindafjord kommune hadde på dette tidspunkt berre vore i drift i fire år og planen var at dei berre skulle ha ein prest, busett i Vikedal. Slik gjekk det ikkje - ikkje minst på grunn av Hansen sin personlege innsats i tenestetida si. Hansen hadde bakgrunn frå Sjømannsmisjonen, m.a. som sjømannsprest i Cardiff.

Per Konrad Hansen kom raskt i god kontakt med bygdefolket. Han prioriterte høgt heimebesøk til eldre og sjuke og la ned ein stor dugnadsinnsats ved bygginga av Isvik bedehus. Hansen heldt også kurs i treskjering, rosemåling og biletevev. I Isvik bedehus kan alle sjå krusifikset på fondveggen som Hansen formgav og utførde. Han støtta også opp om arbeidet i lag og foreiningar i bygda, som skulekorps og speidar. Saman med kona Astrid hadde han ein gjestfri heim i prestegarden.

Prestegarden nytte også godt av Hansen sine praktiske evner, Såleis bygde



han eigenhendig både to bislag og garasjen i tunet. Og når ein for nokre år attende skulle riva takplatene i stovene, kom fylgjande fråsegn fram - skriven med tømmerblyant: «Disse platene ble satt opp 29.12.1973. Per K. Hansen».

Per Konrad Hansen var fleire gonger attende i bygdene våre. Såleis var han med på kyrkjevigslinga i Skjold i 1999 og ved 150-års jubileet i Vats i 2005. Ved dette siste høvet heldt han ein sterkt personleg tale om tenestetida si i Skjold og Vats - ei tid han såg attende på med stor glede.

Etter tida i Skjold var Hansen sokneprest i Seljord og endeleg i Tjølling før han vart pensjonist og busette seg på heimstaden Nevlunghavn.

Me lyser fred over Per Konrad Hansen til minne.



Inngangsprosesjon

Festdag i Vindafjord

Jon Ådnøy - sokneprest for Vikebygd, Skjold og Vats

Av Steinar Skartland

Så er det endeleg. Søndag 3. mars vart Jon Ådnøy innsett i teneste som sokneprest av prost Norodd Stavenjord og Vikebygd har fått felles sokneprest med Skjold og Vats.

Det var mykje folk i Vats kyrkje søndag 3. mars. Dei kom frå alle dei tre kyrkjesokna Skjold, Vikebygd og Vats. Etter vikarteneste i to av bygdene det siste halve året, er Jon Ådnøy tilsett som sokneprest og den offisielle innsetjinga i tenesta skulle finna stad. Medliturg og soknerådsleiar i Vats, Arild Urdal, ynskte folket velkomne og innleia med ei stille stund for Gud, slik det nå er i den nye liturgien i Vats. Den stille stunda vart avslutta med 3 klokkeslag. Kantor Nelly Kotkowitch tok til å spela preludiet, og inngongsprosesjonen kom inn kyrkjedøra. Bak medliturg Arild Urdal som bar krossen, kom ein dåpsfamilie, ein konfirmant med dåpsvatnet og sist prest Jon Ådnøy og prost Norodd Stavenjord.

Prosten innleia gudstenesta og pre-

senterte den nye soknepresten som nå skal ha sitt tenestoområde i Vikebygd, Skjold og Vats, før leiar i Vats sokneråd las opp kallsbrevet frå biskopen. Dette stadfester at Jon Ådnøy er tilsett av bispedømmerrådet.

-Du har lang erfaring, sa prosten i sin tale til Ådnøy og viste til bakgrunnen som både journalist og prest med mykje livserfaring. -Tillitsvalde og frivillige er innstilt på å dra saman med deg. Prosten peika på kor viktig det er å dra i saman for å skapa menighetsvekst og helsa med bibelordet frå kollostarbrevet 1, 25-29, som sluttar av med orda: ” *vi rettleier og underviser alle menneske i den fulle visdom, så vi kan føra kvart menneske fram til mognad i Kristus. For å nå dette målet arbeider og kjempar eg i hans kraft, som verkar i meg med styrke.*”

Innsetjinga vart avslutta med at prosten bad for den knelende soknepresten medan leiarane i dei tre sokneråda heldt hendene sine over han.

-Kva gjere dei nå? Var det eit barn som spurde nede i kyrkja. Jon Ådnøy tok etterpå opp tråden i dette med å fortelja at å be til Gud er noko vi kan gjera alltid,

og der få leggja oss over i Guds hender. Det var Ådnøy som forretta resten av gudstenesta, då etter den nye liturgien. Eit barn vart boren til dåpen og altarringen vart fylt gong etter gong under nattverden. Dei framømte fekk også høyra Ådnøy i ei god preike over teksten for dagen.

Gudstenesta vart etterfylgd av kyrjekaffi der folk ga seg god tid m.a. for å få helsa på sokneprest og prost. Leiarane i dei tre sokneråda helsa frå sine bygder og uttrykte glede for at Jon Ådnøy var tilsett, ein dei såg fram til eit godt samarbeid med. Litt spesielt var det for Vikebygd som med dette avsluttar ein mangeårig tradisjon kor ein har hatt felles prest med Ølen og Bjoa. -Vikebygd sokneråd har jobba aktivt for å koma saman med Skjold og Vats, sa Britt Nelly N. Tveit. Konfirmantane har alt hatt undervisning i Skjold og når det nå skulle tilsetjast ny sokneprest nytta vi høvet til å be om overflytting. Vikebygd er ein folkekyrkjemenighet og me gler oss til samarbeid, sa leiaren for soknerådet i Vikebygd. Vi ynskjer Jon Ådnøy velkommen som sokneprest i Vindafjord.



Biskopen bed for Jon Ådnøy saman med dei tre soknerådsleiarane i Vats, Skjold og Vikebygd.



Sokneprest Jon Ådnøy



Jon Ådnøy mottek blomar og helsing frå Prost Stavenjord.



*Dåp av Elida Nordveit Vestre.
Foreldre: Tor Inge Vestre og Merethe Nordveit Vestre*



Helsing frå Ottar Krakk, Skjold sokneråd



Tekstlesing før dåpen av Marianne Bakkevold og Mariann Skre.



Prost Norodd Stavenjord



Britt Nelly Ness Tveit helsar frå Vikebygd sokneråd

Endre Heggen: Byguten som va

Av Arne Borgemyr

Når ein får eit innblikk i alt det Endre Heggen har gjort gjennom eit langt liv, er det lett å forstå at han i si tid vart heidra med Kongens fortенestemedalje for livsgjeringa hans. Medaljen blir delt ut «til lønn for fortенster av kunst, vitenskap og næringsliv, og for framifrå forhold i offentlig teneste». Når eg møter han i omsorgsbustaden i Ølen, gir han også uttrykk for at det var stas å få denne påskønninga og få føretrede for kongen.

-Eg gløymer aldri det møtet med kong Olav, seier Endre stille. Han saknar eg.

Bygut

Ikkje alle er klår over at Endre Heggen var bygut, fødd i Stavanger 5. august 1920. Ein kan undrast på korleis han kunne leve seg så inn i bygdelivet som han har gjort. Men han har foreldre med bondebakgrunn. Far hans, Sjur Endreson Heggen, kom frå garden i Ølen som dei kalla Heggjo. Men han drog tidleg ut og utdanna seg til underoffiser. Seinare vart han tilsett i postverket. Han vart gift med Alida frå Skånevikstrand, også ho frå bondeætt. I 1932 døydde far til Endre. Tre år seinare flytte familien heim til garden i Ølen og selde huset dei hadde i Stavanger. Då var Endre blitt 15 år, og hadde fullført 8. klasse på folke-

skulen der. Bror hans dreiv garden, og Endre var med på gardsarbeidet.

Utdanning og familie

Som ganske ung tok Endre landbrukskule. Men så kom krigen som sette ein stoppar for vidare utdanning. Igjen vart det arbeid eit par år på garden heime, men han var på leit etter å finne ein livsveg. Han tok teneste på Jæren og i eit gartneri på Sørlandet med det mål å bli gartner. Det vart også fleire år med teneste i gartneri. Men han måtte vidare og tok eit års handelsskule i Stavanger.

Han kom tilbake til Ølen i fleire tidsavgrensa jobbar, men kunne tenkt seg meir utdanning. Det vart ikkje slik. I 1948 vart han gift med Gunnhild frå garden Skien ute på Vaka.

Formannskapssekretær og likningsforvaltar

Den 1. mars 1951 fekk han ei nyoppretta stilling som formannskapssekretær i Ølen kommune i kombinasjon med likning og skatt. Han var einaste tilsette, og fortel at det var nokså primitive tilhøve til å begynne med. Han lagde budsjett og saker til kommunestyret saman med ordførar Thomas Skålnes, husker han. Dette vart inngangssporten til ei lang offentlig teneste. I 1965 vart han likningssjef på full tid då staten tok over

likningsetaten, ei stilling han hadde til han vart pensjonist i 1987.

Kulturminne og kulturvern

Ein skulle kanskje ikkje tru at ein bygut skulle fatte interesse for bygdekultur, kulturminne og kulturvern. Men interesse vakna tidleg, fortel Endre. Særleg fekk han interesse for bygningskultur. Når han kjem inn på dette, blir han helst lågmælt og forsiktig.

-Eg vart ofte skuffa over resultatet. Eg følte med også aleine, og det var vanskelig å nå fram med dei sakene eg brann for. Det tok så lang tid, arbeidet med å bevare kulturminne. Ei bygd utan kulturminne er litt forgjeves, held han fram. Utan fortid, inga framtid, heiter det.

Men Endre Heggen fant mange vegar, og han har lagt igjen mykje materiale etter seg. Han fatta interesse for å intervjuje folk og få dei til å fortelje om livet sitt og viktige hendingar. Utan erfaring sette han i gong med enkelt lydutstyr, og det vart meir enn 400 kassetar med opptak av intervju og foredrag som er verdifullt å ta vare på. Kommunen syter no for at desse vert digitaliserte og sikra for ettertida. Her fortel folk om oppvekst, skulegang, gardsdrift, fiske, om bilen si historie i bygda og ikkje minst om opplevingar frå krigen.



Foto: Marit Eikehaugen

Krigen

Endre Heggen har hatt ei særleg interesse for sjøfolka som seila i handelsflåten under krigen. Krigsseglarane kom og nær innpå livet hans då svigerfar døydde av sjukdom i fangenskap i 1945 etter å ha seila heile krigen. Også to brør til kona var ute på skip under krigen, men begge desse kom heim att. I utallege foredrag og kåseri har han delt av sin kunnskap om krigsåra og gjort sitt til at ein ikkje må gløyme dei som kjempa for eit fritt land. Det same gjeld artiklar i lokalavisa Grannar om lokalhistoriske tema.

Også fotoapparatet har vore i flittig bruk, og mykje lokalt biletmateriale er tatt vare på frå ein lang periode i livet hans. Biletet er godt eigna til å vise folk sin livssituasjon, og har vore eit stort interessefelt for meg, seier Endre. I ein periode var han med på ein aksjon for å samle inn og ta vare på bilete frå perioden 1900 – 1950.

Eg spør om interessa for å skrive.

- Ja, eg likte å skrive og har levert artiklar til mange blad, særleg om kultur. Eg kan og nemne at då eg var formannskapssekretær, laga eg ofte eit lite referat frå kommunestyremøta når eg kom heim seint på kvelden. Så ringde eg dette inn til Haugesunds Avis om morgonen og fekk det på trykk same dag.

Endre Heggen skriv nynorsk. Det var ikkje så lett i starten då han var van med bymålet, men etter kvart vart det naturleg.

-Eg synest nynorsk er meir klangfullt og mykje kjekkare enn bokmål, seier han i dag.

Politikk

Etter kvart vart Endre Heggen oppmoda om å gå inn i partiet Høgre og stille til kommunestyret. Etter å ha tenkt seg om vart Høgre partiet for han, særleg fordi partiet tar vare på den personlege fridomen og for haldninga til eit godt forsvar. I 1975-79 var han ordførar i kommunen, og dei to neste periodane var han varaordførar. Då fekk han høve til å påverke utviklinga, og dei bygde skule, samfunnshus og sjukeheim mellom anna.

Heider og ære

Sjølv om Endre Heggen føler at kulturarbeidet til tider har vore tungt, har han fått mange bevis på at arbeidet hans er sett pris på. Utanom fortjenestemedal-



jen frå kongen har Ølen kommune gitt han kulturpris og kulturvernpris. Han er æresmedlem i Sunnhordland Folkemuseum, Etne Sogelag og partiet Høgre.

Pensjonist

No har Endre Heggen flytt inn i omsorgsbustad i Ølen etter ein sjukeperiode. Han har eit rolegare liv når han går i sitt 93. år. Det er ikkje så lett lenger å ta del i samfunnet, og han får god tid å tenke tilbake.

-Det var tungt for meg då kona mi døydde i 2003. Eg saknar henne – og den tida. Einsemda er vond. Men eg har hatt eit herleg liv når eg tenkjer tilbake. Me fekk tre barn, tre barnebarn og to olderbarn. Eg har særleg opplevd det i siste då eg var sjuk kor uvurderleg det har vore å ha familien rundt meg. Eg må nok erkjenne at eg var alt for mykje opptatt med andre ting i yngre år enn det som var viktigast, legg han til.

Han ser også at kommunen sitt hjelpeapparat fungerer godt no når han har trong for det. - Det eg kanskje saknar er bare bagatellar, legg han til.

Kyrkje og kristen tru

Endre Heggen fortel at han har hatt ei sterk tilhørsle til kyrkja frå tidleg av, men dessverre ikkje så tett i ungdomstida.

- Eg har følt at eg hadde ein personleg rikdom i kyrkja og har alltid vore ein kyrkjetilhengar, meir og meir gjennom åra. No kan eg ikkje gå til kyrkje og bedehus, men eg har sett pris på fellesskapet der. For meg er det viktig at me har ein Gud å gå til. Eg har vore veldig opptatt av tankar om slutten på livet. Det er ei trøyst å ha ei tru som kan føre deg fram!

Slutt for kyrkjeboka

Av Inghart Lasse Tveit

Ved årsskiftet var det ugjenkalleleg slutt for kyrkjeboka slik me har kjend denne gjennom fleire hundre år - nemleg som ein stor, handskiven protokoll førd av soknepresten. Det tyder likevel ikkje at dåp, vigleser, konfirmasjon og gravferder ikkje skal førast i kyrkjeboka - men i staden for i ein stor protokoll skal dette nå registrerast elektronisk. Tidlegare hadde sokneprestane ansvaret for kyrkjebokføringa i dei respektive sokn. Dette er nå endra slik at det er kyrkjevjerja som har ansvaret for kyrkjebokføringa i heile kommunen.



Illustrasjonar: Faksimile av ei side av den første kyrkjeboka frå Skjold og Vats frå 1743, saman med foto av dåverande kyrkjebokførar prost Dominikus Nagel.

BARNAS SIDE


Fargelegg

Tegning: Kari Sortland



Fargelegg kvinnene ved den tomme grava!

Prikk til prikk



Teikna ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?




Finn fem feil

Tegning: Kari Sortland



Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



nettSPRELL.no

- Musikkvideoer
- Tegnefilmer
- BARNAS-konkurranser

Søndagsskolens nettside for barn!

BARNAS

14 blader + DVD + CD = kun 365,-

(privatabonnement hjem i posten)
Gruppeabonnement kun 189,- pr barn

Bestill på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00

TÅRNAGENTENE

tarnagentene.no

Tårnagentenes eget nettsted!

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ LVS.NO

LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS LUNDENESET VGS

Knapphus
Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knapphus
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank
SR-BANK

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



GRAVSTEIN



Se vår store
utstilling, eller ring
og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30

Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Kyrkjelydsweekend!

Skjold Kyrkjelyd arrangerer kyrkjelydsweekend til leirplassen Ognatun på Ogna i Sør Rogaland nå til hausten.

Håpar du blir med! Sett av helga 1-3.november.

Meir informasjon kjem seinare. Arr.: Skjold Sokneråd

Bønn og lovsangskveld i Skjold kyrkje

Laurdag 20. april kl 20:00.

Innbjoa bedehus

28.4 Søndagsmøte
15.5. kl 19:30 Onsdagsmøte
26.5. Søndagsmøte

Credo 4.-7.kl

Onsdag-partal kl.17.30-19.15
3.4.; 17.4.; 15.5.; 29.5

Barnekoret 4 år og oppover

Torsdag – partal, kl. 17.00-18.00
11.4.; 18.4. syngje på basar
25.4.; 23.5.; 30.5.

Themelia, Ungd.sk.elevar

Torsdag-partal, kl. 18.00-20.00
11.4.; 25.4.; 23.5.; 30.5;

Kårhus bedehus

21.03	torsdag	Barnekoret - øving
24.03	søndag	Søndagsskule m/påskeutstilling
28.03	Skjærtorsd	Kveldsmat etter gudstenesta
02.04	tysdag	Kl. 19.30. Tysdagsmøte – NLM
04.04	torsdag	Barnekoret - øving
18.04	torsdag	Barnekoret - øving
23.04	tysdag	Kl. 19.30. Tysdagsmøte – NMS
02.05	torsdag	Barnekoret – øving
08.05	onsdag	Basar – Nesheim og Krakk
16.05	torsdag	Barnekoret - øving

Basar på Kårhus Bedehus

onsdag 8. mai kl. 19:00

Andakt: Solveig Lunde Jekteberg. Sang. Mat.
Kraak og Nesheim Kvinneforeining

Tysdagsmøter i Vats kl 19:30

2. april Kårhus bedehus. NLM
9. april Øvre Vats bedehus. Norsk Gideon
16. april Blikrabygda bedehus. Kr. Muslim misjon
23. april Kårhus bedehus. NMS

Blikrabygda bedehus

19/3 kl 19:30 Møte (Normisjonen)
20/3 kl 19:30 Basar (Normisjonen)
27/3 kl 19:30 Bønnemøte
28/3 kl 15:00 Familiemøte (DISM)
10/4 kl 19:30 Bønnemøte
16/4 kl 19:30 Møte (Kristen Muslimmisjon)
24/4 kl 19:30 Bønnemøte
8/5 kl 19:30 Bønnemøte
17/5 kl 19:00 Fest
22/5 kl 19:30 Bønnemøte
5/6 kl 19:30 Bønnemøte

Øvre Vats bedehus

09.04 kl 19:30 Gideon
17.04 kl 19:30 Kristen Muslimmisjon
06.06 NMS. Misjonsstemme for Vindafjord.

Vikebygd bedehus

laurd. 23. mars kl 15:30 Laurdagsklubb.
torsd. 4. apr. kl 19:00 Vikebygd invitert til Bjoa.
laurd. 6. april kl 15:30 Laurdagsklubb.
torsd. 11. apr kl 19:30 Normisjon, Roar Flakè
laurd. 20. april kl 15:30 Laurdagsklubb.
torsd. 25. apr kl 12:00 TrippTrapp 0-6 år
torsd. 25. apr kl 19:30 Gladsong
torsd. 23. mai kl 12:00 TrippTrapp 0-6 år

Kyrkjetunet

I kalenderen på www.kyrkjetunet.no finn du oversikt over alle arrangement på Kyrkjetunet. Hjarteleg velkomne.

Pasjonssamling i Vats kyrkje

26.3. klokka 19:30. Ei stille stund som vert avslutta med framføring av Jesu siste 7 ord på krossen.

Skjold

22.3.	FRED	Isvik 19:00 Husfreden Basar
2.4.	TYSD	Isvik Flymisjonen
3.4.	ONSD	Kyrkja kl. 10:30 Tripp-Trapp
4.4.	TORS	Kyrkja kl. 14:00 60+ treff
4.4.	TORS	Kyrkja kl. 16:45 Barnekor
4.4.	TORS	Ersland Bønnemøte
6.4.	LAUR	Ersland kl. 12:00 Misjonskafe
6.4.	LAUR	Austrheim kl. 15.30 Lørdagssprell
8.4.	MÅND	Ersland kl. 19.00 Yngres
8.4.	TYSD	Ersland Normisjon
16.4.	TYSD	Austrheim NMS Misjonsselsk
17.4.	ONSD	Kyrkja kl. 10:30 Tripp-Trapp
18.4.	TORS	Kyrkja kl. 16:45 Barnekor
18.4.	TORS	Ersland Bønnemøte
20.4.	LAURD	Kyrkje kl 20:00 Bønn og lovs.kveld
22.4.	MÅND	Ersland kl. 19:00 Yngres
23.4.	TYSD	Isvik Indre Sjømannsm.
30.4.	TYSD	Ersland kl. 18:00 Yngresbasar
2.5.	TORS	Kyrkja kl. 16:415 Barnekor
2.5.	TORS	Ersland Bønnemøte
7.5.	TYSD	Ersland NLM
14.5.	TYSD	Austrheim NLM
16.5.	TORS	Kyrkja kl. 16:45 Barnakor
21.5.	TYSD	Isvik NMS
23.5.	TORS	Kyrkja kl. 14:00 60+ treff
23.5.	TORS	Ersland Bedehusbasar
28.5.	TYSD	Ersland Indre Sjømannsm.
30.5.	TORS	Kyrkja kl. 16:45 Barnekor

Vågen Bedehus

1.4.	kl. 19:30	Påskedagsmøte v/ Frelsesarmeen
3.4.	kl 19:30	Bønnemøte
5. – 7.4.		Møtehelg v/ Toralf Steinsland, IMS
10.4	kl. 19:30	Bønnemøte
14.4	kl. 19:30	Søndagsmøte
16.4.	kl. 19:30	Basar v/ Gutelaget Daniel
17.4	kl 19:30	Bønnemøte
18. – 21.4.	kl 19:30	Møteveke v/ Per Hove, Samem.
8.5	kl 19:30	Bønnemøte
12.5	kl 19:30	Søndagsmøte
15.5	kl 19:30	Bønnemøte
17.5	kl 19:30 fest.	Tale v/ Geir Toskedal
22.5	kl 19:30	Bønnemøte
26.5	kl 19:30	Søndagsmøte
29.5	kl 19:30	Bønnemøte
2.6	kl 19:30	Søndagsmøte
5.6	kl 19:30	Bønnemøte

Eldretreff på Vindafjordtunet

Palmesøndag 24. mars kl. 15:30

Andakt, song og kaffikos

Hjarteleg velkommen

Arr.: Nedre Vats Helselag

Korleis har du det...
EIGENTLEG?
Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat:
www.soschat.no
SOS-melding: www.kirkens-sos.no



Kirkens SOS
815 33 300

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent bele døgn!
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten er gratis

Neste nr. av Hyrdingen kjem ut 18. mai.
Stoff kan sendast til:
Hyrdingen, postboks 6, 5574 Skjold.
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Frist for innlevering av stoff: 6. juni 2013

FRÅ KYRKJEBOKA

VIKEDAL

Døpte:

27.01. Erle Hustveit Nybru
17.02. Serina Baustad

Døde:

07.02. Alma Sofie Selland f. 1920

SANDEID

10.02. Sofia Furseth

Døde:

01.02. Margit Bakkedal f. 1926

IMSLAND

Døpte:

24.02. Eline Moe Rørtveit

Døde:

23.01. Karen Bratteland f.1926

SKJOLD

Døpte:

10.02. Oda Haraldseid

10.02. Selma Amundsen

10.02. Sonja Svendsbøe Eiknes

10.02. Marcus Tjelmeland Hustoft

Døde:

31.01. Birgit Langeland f. 1929

05.02. Olene (Lena) Grindheim f. 1922

11.02. Ragnhild Grunnaleite f. 1930

15.02. Anny Bertine Sætre Varaas f. 1930

15.02. Kjell Ove Dagsland f. 1957

VATS

Døpte:

03.02. Olava Eide

03.02. Johanna Sandvik

17.02. Melissa Eikesdal

17.02. Marta Eskeland

03.03. Elida Nordtveit Vestre

Døde:

20.02. Frank Aaserød f.1982.

ØLEN

Døpte:

27.01. Charlotte Eikesdal Vågen

10.02. Emma Sofie Stokka Totland

10.02. Nora Totland Jensen

10.02. Andrine Haraldseid Miljeteig

10.02. Christoffer Alvseike

Døde:

28.01. Sigrun Karina Vinje f.1937

06.02. Liva Berge f.1919

26.02. Terje Gangstø f.1963

BJOA

Døpte:

03.02. Linea Lunde

VIKEBYGD

Døpte:

17.02. Ida Steinsland Halvorsen

17.02. Gunnleiv Brekkå

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesundag	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
24. mars Palmesøndag Joh 12, 1-13	Imsland kyrkje kl. 16.00 Høgmesse m. nattverd Takkoffer: Norsk Gideon Bibelmisjon	Skjold kyrkje kl. 11.00 Nattverd, kyrjekaffi Takkoffer: Sjømannskyrkja Kyrjekaffi	Ølen kl. 12.00 Friluftsgudsteneste Opheim Parkeringsplassen for Olalia Takkoffer: NLM.
28. mars Skjærtorsdag Johs 13, 1-17	Sandeid kyrkje kl. 19.00 Høgmesse med nattverd Takkoffer: Kirkens SOS	Vats kyrkje kl. 17.00 Nattverdsgudsteneste Takkoffer: Israelsmisjonen Kveldsmat på bedehuset	Ølen kyrkje kl. 19.00 Nattverdsgudsteneste Takkoffer: Fasteaksjonen KN. Kveldsmat på Kyrkjetunet
29. mars Langfredag Luk 22, 39-23,46	Vikedal kyrkje kl. 11.00 Pasjonsgudsteneste Takkoffer: Kirkens SOS	Skjold kyrkje kl. 11.00 Pasjonsgudsteneste Takkoffer: Stefanusalliansen	Bjoa kyrkje kl. 19.30 Pasjonsgudsteneste. Takkoffer: Kirkens Bymisjon, Haugesund. Nattverd.
31. mars Påskedag Johs 20, 1-10	Sandeid kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet Imsland kyrkje kl. 19.00 Høgtidsgudsteneste Nattverd. Kyrjekaffi. Takkoffer: Frelsesarmeen.	Vats kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste Nattverd. Takkoffer: Bispedømmerrådet Vikebygd kl. 17.00 Høgtidsgudsteneste Takkoffer: Sjømanns krk	Ølen kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Bjoa kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudssteneste. Takkoffer: Norsk Lærarakad.
7. april 2. s. i påsketida Johs 20, 24-31	Vikedal kyrkje kl. 11.00 Fam.messe med nattverd Dåpsskulen. Takkoffer: Trusoppl. Konf. møter.	Skjold kl. 11.00 Fam.gudsteneste Nattverd. 6-åringar. Takkoffer: Barne- og ungd. arb. i kyrkjelyden	Bjoa kyrkje kl. 11.00 Fam. Gudsteneste. Nattverd. Avslutning dåpsskule 1. klasse. Takkoffer: Kyrkjelyden.
14. april 3. s. i påsketida Mark 6, 30-44	Imsland kyrkje kl. 11.00 Fam. messe med nattverd Dåpsskulen tek del. Takkoffer: Kyrkjelydsarb.	Vats kyrkje kl. 11.00 Fam.gudsteneste Nattverd. Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord	Ølen kyrkje kl. 18.00 Ung Messe v/prest, kateket, konfirmantar: Ølen og Bjoa. Takkoffer: Familie og media.
19. april Fredag		Vats kyrkje kl. 19.00 Samtalegudsteneste med konfirmantane	

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

21. april 4. s. i påsketida Apgj. 8, 26-39	Sandeid kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. Prost Stavenjord. Tripp- Trapp- utdeling. Takkoffer: Kirkens Bymisjon Hgsd. Konf. møter.	Skjold kyrkje kl. 17.00 G-17 gudsteneste. Nattverd Takkoffer: Kyrkjelydsarb. Vikebygd kyrkje kl. 18.00 Ung Messe v/ prest og konf. Takkoffer: Feedback	Ølen kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Dåp og Nattverd. Takkoffer: IMS, Indremisjnssamskipnad
23. april Tysdag	Vikedal kyrkje kl. 18.00 Samtalegudsteneste med konfirmantane.		
26. april Fredag		Skjold kyrkje kl. 19.00 Samtalegudsteneste med konfirmantane	
27. april Laurdag		Vats kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjon. Takkoffer: Lovsongsheimen i Thailand	Ølen kyrkje kl 12.00 Konfirmasjon. Takkoffer: Kyrkjelyden
28. april 5. s. i påsketida Johs 17, 6-11	Vikedal kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjonsgudst. Takkoffer: Konfirmantarb.	Vats kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjon. Takkoffer: Lovsongsheimen i Thailand	Ølen kyrkje kl 11.00 Konfirmasjon. Takkoffer: Misjonsprosjekt i Ecuador
4. mai Laurdag		Skjold kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjon. Takkoffer: Barne- og Ungd.arbeidet	Bjoa kyrkje kl. 12.00 Konfirmasjon. Takkoffer: Misjonsprosjektet Kina.
5. mai 6. s. i påsketida Matt 6, 7-13		Skjold kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjon. Takkoffer: Barne- og Ungd.arbeidet	
7. mai Tysdag	Sandeid kyrkje kl. 18.00 Samtalegudst.konfirmant		
9. mai Kristi Himmelfartsdag Johs 17, 1-5	Imsland kyrkje kl. 12.00 Fam. messe for heile Vindafjord. Nattverd Takkoffer: NMS		
12. mai Sundag før pinse Johs 16, 12-15	Sandeid kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjonsgudst. Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Vats kyrkje kl. 17.00 Fam.gudsteneste. Nattverd Takkoffer: Livets Tre Brasil Vikebygd kl. 11.00 Konfirmasjon. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.	
17. mai Grunnlovsdag Luk 17, 11-19	Imsland kyrkje kl. 10.00 Takkoffer: Redd Barna Sandeid kyrkje kl. 11.30 Takkoffer: Redd Barna Vikedal kyrkje kl. 13.00 Takkoffer: Amnesty Int.	Vats kyrkje kl. 10.00 Takkoffer: Kyrkjelydsarb. Skjold kyrkje kl. 11.30 Takkoffer: Trusopplæringa Vikebygd kyrkje kl. 10.00 Takkoffer	Bjoa kyrkje kl 10.00 Takkoffer: Kyrkjelydsarb. Ølen kyrkje kl. 11.30 Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.
19. mai Pinsedag Joh 14,23-29	Vikedal kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste Nattverd Takkoffer: NMS Imsland kyrkje kl. 19.00 Høgtidsgudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarb.	Skjold kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste Nattverd Takkoffer: NMS	Ølen kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste. Dåp og nattverd. Takkoffer: Misjonshøgskolen
26. mai Treeiningssøndag Luk 24, 45-48	Sandeid kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Takkoffer: Sjømannsmisjonen	Vats kyrkje kl. 11.00 Nattverd. Takkoffer: Barne- og ungd.arb.i Vats	Ølen kyrkje kl. 16.00 Takkoffer: Norsk søndagskuleforbund
2. juni 2.s. i treeiningstida Joh 3, 1 – 13.	Vikedal kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd Takkoffer: Norsk Gideon	Skjold kyrkje kl. 17.00 G-17 gudst. Nattverd T.offe: Diakoniarb. kyrkjel.	Bjoa kyrkje kl. 16.00 Takkoffer: Kyrkjelydspedagog.

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)